HULDA GARBORG

SYMRA

DEN BLOMEN DU ELSKA

OSLO 1934 FORLAGT AV H. ASCHEHOUG & CO. (W. NYGAARD)

Printed in Norway DET MALLINGSKE BOGTRYKKERI

Förord till den elektroniska utgåvan

Detta verk, författat av **Hulda Garborg** (1862-1934), har digitaliserats av Nasjonalbiblioteket i Oslo i april 2008 och anpassats för Projekt Runeberg i juni 2013 av Ralph E.

Y V I ALLE TINDAR

Yvi alle tindar er ro —

dei svanande solgangs-vindar knapt næmar du no; det kvarast i nattstill skog. Songen tagnar i lundar, venta — snart blundar du og.

(Etter Goethe.) TIL TUNTREET MITT

Som ein gudfødd tanke stig du imot himlen, du stolte malm-tre i mitt fjellheims-tun; det er som du frå skyi ned vil sanke alle stjernor til eit diadem i di kongelege hovding-krune.

Rak du stend på dine sterke røter under torvi tvinna til ein runeskog som skulptur-verk av eit stivna ormebol, skapar-viljen storkna i ei kramperid til løyndomsfulle runir, rita av ei magt som alle universets klotar held liksom leikor i si kjempehand.

Å var min vilje som di minste nål i styrke var min tanke rak som stomnen din! Var mitt hugsviv blankt som dine stjernedraumar og mi sanningstrå som trassen i din hovud-burd!Å var mitt hjarta gjevmildt som di hand, når du sår ditt frø ura våren som eit himmelsk kjærleiks-under!

Å var mitt sinn so reint som sevja i din likam,

mi sjel so vidfemnd som ditt fang,

når det opnar seg mot alle ljosheims-kjeldor,

glans og varme tek ifrå det høgste

og til djupheims-myrkre gjev det att,

der din eigen løyndom søv i rune-skogen! IMPROMPTU

Kva er ei bok?

Den innste krok

av ei sjel i brann,

eit vågemod som vann

kaste alle bruir av

og sjå ned i si eigi grav.

Ein helvits-angst, ein lukkedraum,

ein leik på livsens æve-straum

imillom blåe himmelhavet

og det svarte slimdyrkavet;

heidersgjest i Gimles salar

eller gløymd i båredalar!

Barn av ånd i kjøte bore,

eit hjarta ut av bryste skore,

eit skrik frå livsens løynde grunnar;

ein elskarkyss på blome-munnar;

ein rus imillom eldar

på dei store festens kveldar! TIL DEN UKJENDE LESAR

Ukjende lesar, vei møtt og goddag! Kvar du so kjem ifrå, kven du so er, kom lat oss stige med fuglen i lag inn i ei ny og skiftande verd!

Ukjende lesar, kven du so er kvar på jordi du bur og kva namn du ber, vankar du vegvill i hildring ein gong; lat oss møtast her i ein einfeld song!

Gullstjerne sanka i grøne engjer fylgje fryvill på lette vengjer, lye til alt som gret og syng, og alt som pip under stein og lyng!Heil deg og sæl då, du ukjende kjenning; av same rot er me same renning. Eg syner mitt andlit, du løyner ditt; men visseleg skal du finne i mitt, ei stråle av ditt!

10 I SKIRINGSELDEN

I skiringselden var mi sjel,

alle uppgangs-vegar stengde;

brauti bratti bar mot hel,

som jaga dyr var tankann' sprengde.

Kvar timen hogg meg nye sår;

dagen var som tusund år!

Inni skodde-bleike draum

eg såg meg sjølv med straumen drive,

på den steingrå urtids-flaum;

sjel og hjarta flengd og rive,

med' gneistar frå ei verd i brann,

inni skodde-myrkre rann.

Syner kjem og burt i dimma svanar blad for blad av livsens bok eg riv, og attum alle skyir sit ein gud og man ei verd av gåtor som imot meg driv. Men som elden under oska gla'r, ei ævesol bak alle gåtor blø'r.Ein skald eg ser som for sin diktar-draum ofra lukke, liv og hjarte-blod drive gjenom gurme-gråe straum av meinråd jaga og av heite ovunds-glod; høgt han ropar til sin gud um gøymd å bli, i den gløymsle-brunn, der sjeli fyrst er fri!

Som i ormebol han vrid seg for min fot;

svagar som på rivi rot,

dansar som på nykveikt bål,

bløder som han stungen var med stål!

Ropar, Herre! frels mi sjel

eg kjenner vegen ber mot hel!

I same stund han umskapt var

til eit lite barn som ropa sårt på far!

I gate-gurma sjukt det låg,

pint av svull og våg

blått og bleikt og merkt av tusund mein

i ein surputt rennestein!

Rakkarhendar rå og sterke,

hadde sett på uskulds-kropp sitt sviemerke;

mange ætters last og skam

rita var på dette offerlamm!So vart barne til ein selhund-unge langt i nord, under stjernehimlen strålande og blå, ein liten unge silkeblank og grå svimeslegen under flåar-kniv som for eldingsnøgt ikring den vesle kropp

som vakna i ein augneblink og freista reise hovud' upp, såg med blodga augo etter mor i vånde stor —

Men belgen snøgt vart av han dregen

og raud mot alle blånar lyste offervegen

då nådefullt han daudeslaget fekk og vart mot skuta dregen.

Sidan vart eg kvar ei nott,

riden av ein blodig selhund-skrott.

Og eg lessa på mi sjel

skuld på skuld til hjarta mitt var biodugt som den

flådde sel.

Og sjå, der utpå havet gjekk so vill ein leik,

sanselaus ein kval på båretoppom dansa,

drog ein båt på slæp i tunge reip,

kvite båre-fraud det havsens drama kransa!

Harpunen rann i friske kjempe-kropp

djerve fangst-mann sette livet inn i angst og spaning,

for å vinne denne dyre fangst.

Men den som dyret dreiv i helvitspine, det var eg!

AU verdsens naud og pine kom frå meg!

— so levande låg draumen på min veg!

13Tanken frosen var og auga blindt! Men likevel eg såg som på eit panorama drama etter drama.

— No var det hesten i ein bakke-kneik piska fram i førefallet,

drukne slusken slog og skreik med banningsordi rå og kalde ! Dyret stunde i si naud, blode farga svipa raud; men ingen gud i nåde såg til dyret som i daude-redsla låg!

— Då skaut av jordi upp ein blom med bittersøte ange;

i gyllte bikar, perlekransa,

vengjelette alvar dansa.

Og kjærleiksmildt ei heilag hand

rørde hjartesåri,

løyste mine lidings-band

og varsamt vart eg bori

mot ei sæl og sylvblå strand

i so kjend og kjært eit land,

landet som var hamen min

der løynde skaparhand meg eingong sette inn.

Ein solbris angen til meg bar av reinfang og syrin, god-dåm ifrå vigde kar og godmors urteskrin.Og tusund fuglar til meg song:

her var du barn eingong!

Her drøymde du i blome-engjer,

her fekk din fyrste tanke vengjer;

her stilltest dine hjarte-strengjer

i vårens fyrste sælerus

til tonar av ditt fyrste jonsok-brus!

Og sjå! I skire solfalls-gull

min barndoms olderskog av symra full,

og i fiolblå skuggar småfugl rann

som gyllte pilar att og fram;

frå blanke strupar sumar-songen søt og linn,

fyllte som eit svalings-laug mitt sinn!

Og millom kvite bjørke-legg

og formår av det unge grøne lauv

mot vatne bøygde seg min barndoms hegg

angande og brureklædd,

drysjande med smil og helsingståre

si blomebragd på kvite strand og sylvblå båre!

Mitt auga gjordest gjestebod og i ørskesæle

eg bøygde meg den trolldoms-blom imot som gjøgla for meg desse syner men stygdest burt i fæle!På botnen av det brikne staup

fræste orm og eitr draup!

Soli slokna, fuglemåle skar

som brostne strengjer gjenom lund!

Ned i dødens dalar

gleid eg atter ifrå himlens salar!

Alle gode draumars gud

hadde send ein ljosalv ut

til å svæve meg ei sælestund

i so søt ein himmel-blund.

Men ein nåbleik ovunds-mann

strøydde daud-mold på mi sylvblå strand.

Og atter var mi arme sjel

på veg til hel —

16 HARRIET BACKER

Som ei tempelsyster bøygjer seg i heilag åtgaum

for det ævelege altarljose,

soleis bøygde du deg for det løyndomsfulle

under i ditt eige indre,

gudegåva som du vigde alt ditt liv!

Som det blanke stille skogtjønn var du

når det speglar stjernehimlen av.

Ditt sæle auga fanga alt som ljos var i på jordi,

og ditt hjarta gav det fagert tonefylgje,

difor denne reine samljod i di kunst

og i ditt liv som strålekransen var um kunsti!

I minnehalli di no inn me stig,

dreg skone av og legg det vonde etter oss derute,

kviler i di klåre ro og i din ljose hugleik,

fyllt av takk for alt du gav og var —

kjær du var oss, helga skal ditt minne vera.

2 — Symra. FERNAN DA NISSEN

(EIN MINNEDAG I TORSHOVPARK E|N)

Du fann ikkje fred på den glatte grunn, ein angest du bar på i løynd og smilen ikring din sterke munn, tidt bivra av bitter røynd.

Di sjel var stundom ei skogstill å, med symjande nykkjeblom i, då var ditt auga som sol å sjå når ho gyller ei grønklædd li.

Men ofte ditt auga i harme brann so det kunde i daudkjot svi; då ordi kvasse frå lippom rann, og ingen hyklar gjekk fri.

Men alltid fann du ordet som galdt, det eine som von var i; ordet som åtte brodd og salt og eld ifrå sjeli di.Livsens kunst du kunde som få, so varmt var ditt hjartelag; ingen banka fåfengt på di dør ved natt eller dag.

Din klåre tanke, ditt uredde sinn, var herda i lidingseld; all jordheims jammer var ogso din, til vake og sjå du var seld.

Men ogso du løyste den låtten god og skjemta på dør kvar sut; fast og fri du i berrhogge stod og log det sure ut.

Vindaugo upp, slepp soli inn, so såden den gode fær gro, so blom fær vekse og bleike kinn strålar av solfyllt blod.

Du planta og sådde og vyrdsla vår jord, og det grønka so friskt i ditt far; no syrgjer alt liv i din hage si mor og signer deg yvi di grav! ØSTERDALEN

Lognt i livd av låge linjemjuke åsar, millom kjølen og dei ville jotun-heimar glid ho stilt igjenom dalen, Noregs storelv, stolte Glåma, glitrande og dronningfager, speglar himmel, fjell og gyllte reinmos'-kollar, stille tun og grøne, blomestrødde vollar!

Og når våren syng og brusar kring i liom, og i høgfjell-heimen bre og fonner brånar, åi svell og tusund galne bekker hiv seg yvi berg og bratt ur, og i ørskesæle kåte stupar seg i breide moderfange, då ho lyfter dalens dyre gull på ryggen, fører det i glade festferd ut mot havet, der den svoltne mangeføting ligg og ventar.

Men i li og lundar hovding-ættir bygde bol og bustad, rudde rom i ville skogen, der reinen rappføtt renn og rjupa kaklar,reven gøyr og elgekongen kjem på vitjing når det smalhans vert på vidde vintertidi. Traust og tankeklår og seig i viljen dølen gjenom tusund år sitt frie rike rådde.

Til din fred du stolte dal, eg lengtar altid, til di einsemd og din underfulle klårleik. Sæle meg som drøyme fekk i dine skogår, og ved elden inni dine heilagdomar der han syng den døyvde undertone, som ei himmel-hymne i mitt eige hjarta — I FJELLE

Heruppe eg liver i herremanns-kår, sæl er min sumar og sæl er min vår, fagert mitt snøkvite vinter-land; fred og fridom var skatten eg fann då upp eg vann!

Av perlor og glimestein lyser mi strand, vegane strålar som gullbrigda band; sjøen min glitrar i bregrønt og blått, åsen den er mitt eventyr-slott, og alt er godt!

Gjestmilde åndar ikring meg bur, skogkongen sjølv hev meg kåra til brur; i halline hans, der vankar eg fritt, hans rike er reint og herlegt og vidt, og alt er mitt!Me vigdest ein kveld då haustmånen full slog yvi sjøen ei bru av gull; stilt var i verdi, men himmelske kor sende si hymne som dogg yvi jord, der sorgine gror!

Men einsemd var bruregåva eg fekk, der i den heilage stilla eg gjekk mot tindane høge i stjerne-glans og skjelvande tok min brure-krans av handi hans.

Med' burt han gleid inni skoddeland og einsleg eg stod der med kransen i hand. Men kransen vart stein og tora skrall langt, langt derburte i skogkongens hall —

23 IVAR MORTENSSON EGNUND

So hev du set din siste kveld,

du songar i skogen ved Einundfjell;

tyst er i tunet på Einabu;

gardvorden gode var du!

Vismann og prest og gudboren skald,

drøymar og granskar i gudanes vald!

Bror med kvar blom, kvart blad og kvart tre

i heilag åtgaum du bøygde ditt kne

for undri alle ditt auga fekk sjå

millom himilkvelven med stjerne-innskrift på,

og jordi, der livet i økslingsrus

teiknar si soge i sand og grus!

— No tyst er i skogen ikring ditt bu,

for skogvorden gode var du!

Du hadde denne fjellmanns-gjerd å vera heil i all di ferd; beint å styre mot ditt mål yvi dagens småmanns-gnål. Du stogga ikkje ved kvar grind og tagg um å få sleppe inn.

24Du såg di leid og gjekk din veg med siger-visse glade steg; andre trøytna, hadde mindre tål, din vilje var som stål. Høgt yvi småklokt bokstav-kiv, du gjorde tru og draum til liv.

Andre trøytna, aldri du,

di sterke tru

vann på tvilens ørneklo

og skapte songen i ditt blod;

Di sjel i sæle-stundar blå

sin glitre-tind fekk nå.

Dit bar du alt du hadde kjær og var din gud og himmel nær. Vart foten stundom enn litt sår, og sylv rann i ditt hår, ditt hjarta fram til freden vann på vegen mot ditt draumeland!

Tidens tone og sjargong, dagens skrik og galdre-song var deg som ei opi grav med vrak ifrå eit syndflods-hav; Yvi bratte gjallarbru bar ditt songmod og di tru!Granskar-gleda var din stav,

høge hugsviv vengjer gav,

heldt sitt blanke skjold imot

når nidhogg rann imot din fot.

Og når granskar-sjeli vegvill blødde

skaldesongen hugmild såri grødde,

lyfte seg til leik i himmel-salar,

der alle solir skin og gude-tungor talar! FINNLAND

I lagnadstunge tider fylgde eg din strid, du finske folkeånd og fekk deg kjær; og alt som år og dagar leid og lid, eg kom ditt store hjarta meire nær. I dikt og song frå Runeberg og Kalevala, Alexis Kivi, og til dei som syng idag, di helteånd det var som til meg tala og tona frå ditt sterke, djupe hjarteslag.

(Ved den finske diktar-kveld i Oslo 1932)

27 EG HEV I K KJE STUNDER

Eg hev ikkje stunder å tenkje på det vonde dei valde meg alle dei nissane grå og små som tumla seg i min veg.

Eg hev ikkje stunder å gøyme på den gifti dei draup i mitt sinn; eg vender mi sjel imot himmelens blå, og fangar ein solstråle inn.

Då vert mitt hjarta ein gilde-hall med strålande sijeruetak og våden derinne og vondskapen all vert til rosor, gull og skarlak.

Og trollspy og gaide til myrrha vert og angande nardus-eim i domen eg bygde for alt. som var kjært, og prydde med glimestein! MI SILKEROSE

Som ein eld av soli tendra til mi giede, strålar i min hage bjarte silke-rosa, og frå botnen av den brikne kalken når meg dåmen av den dvaledrykk mitt hjarta stundar etter, sterk og myrk, av løyndomsfulle maktar blanda flust med villarkorn som døyver tanke-verken.

Spede stylken bognar under byrdi, og mi silkerose bøygjer bljugt sitt hovud, med' ho draumtung voggar dormande dæmonar. Liv og daude ber ho i sitt jomfru-fang, bitre døyvedrykk og sælerusen søte, gravens gruv og draum um sæle himmelmøte.

Lat då upp di løyndomsfulle æve-kjelde, lat meg anda inn den bittersøte angen og min munn imot di purpur-lippe leggje, til mitt blod vert tungt av safti i ditt hjarta, og eg stig mot minnelause heimar, kring den guden som din bikar fyllte!

29 HIAWATHAS TALE VED RÄDSELDEN

AV MITT DRAMATISKE DIKT „DEN STORE FREDEN"

(Hiawatha sit som i draum i hovding-ringen. No stig han upp og stig med vyrdeleg ro fram til elden og talar klårt og sterkt)

„Gjeve gaum og høyr meg brørar! Eg hev kalla dykk til elden, og frå alle klaner kom de alle Onondaga-ættir. Hovdingar og gjæve mennar, kvende med, slik som eg bad um. Lange vegar hev de fare ifrå alle landsens leider til å samrå um vår framtid, til å tala um vår velferd; eg hev kalla og de kom. Gjev då gaum på ordi mine! Her ved elden som er heilag spør eg Onondaga-folke: Kan me stå mot sterke fiendar stå mot framandfolki nordfrå me som slæst med våre brørar, slæst med våre eigne frendar,

30folki av vår eigi tjod,

som av same rot er runne

og av same stuven stokne?

— Segnir gjeng um nye tjoder,

nye, sterke folkeføre

som me enno aldri såg;

andre såg me tidt i ufred,

røynde mykje vondt ifrå dei;

stend me skiide, er me døm de,

stend me samde, er me sterke.

Difor lat oss semjast, brørar,

ikkje gå på krigsstig meir

imot frendar og mot grannar!

Eg rå'r ifrå Dakotah-ferdi!

(Ein stor del av folke stemde ved dette møte for krigs-ferd mot Dakotah. Hiawatha tapte denne gongen, men enda med å få skipa det namngjetne Femfolk-sambandet — „the five nations" som hollendingane kaupte heile

Man-hattan-øya av for 24 dalar då dei i 1612 grunnlagde kolonien sin der).

31 PRINS AR U NAS TALE TIL KONG YANAKA

AV „UNDER BÖDHI-TREET"

Kong Yanaka — i denne timen ser eg meir enn du såg i hundrad år. Som ei svart sky kjem alderen yvi menneskja. Som dei giftige urtir i bikaren til dæmon-dreparen lengtar etter dei bleike lippor, so lengtar dei vonde åri etter å sløkkje stjernone i manna-sjeli. (Vender and-lite mot himlen): Takk, herlege gudar, at den vonde tidi skal bli frå meg teki; (Ser på trei og lotusblomane i dammen). Spreid oska mi for alle vindar, yvi skogane og dei angande blomar! Lat ho stige mot dei drivande skyir, som eg hev elska! Dei purpur-farga som rodnar av skam yvi vondskapen til menneskja! Spreid ho yvi jordi, for dersom du strør ho på elvi, som gjeng mot det store hav, då skal vatni bli utturka med elden av mi sjel, den som vart kveikt, då eg såg det vonde!

Strø oska mi på den skrinne jordi, og der skal vekse kostelege urtir for dei svoltne; strø ho yvi fjelli, og der skal springe kjeldor for dei tyrste. Aruna skal gå inn til den gode jord, og vekse upp att som tusund gledor for dei sorgfulle. (Med uppretfe hendar):

Herlege gudar, lyft sjeli mi yvi skodda til dei skyfrie himlar!

32 VELKOMEN TIL GILDE PA AKERSHUS SLOTT

(1933 FOR NYREISINGI AV DEN GAMLE B O R G I)

Herren til Akershus helsar kvar gjest velkomen til kongeleg midsumarsfest! Byd til gilde i tun og salar, der skaldar kved og hovdingar talar! Byd til bords i fyrsteleg lag der alt skal vera av beste slag. Aldri var det skikk her i lande, mein i mjøden for gjest å blande. Horn skal fyllast med mungåt og bjor, skjemtord flyge med lått kring bord; Spar ikkje mjøden, men drikk med måte lat ikkje dros i einsemd gråte! Fagraste prins f<7 • møy skal gilje, når riddardansen gjeng yvi tilje. Rolands kjempur og Sigurd unge, her skal dei kveda i kvar si tunge. „Eufemiavisor" og norske kvad, og alt som kan gjera hugen glad! Og Hardingøle me henta hit, gjev tolv manns styrke og ti manns vit.

3 — Symra.

33Og tusund tunnor med Vossa-bjor

Frøsande fulle av vitaminar,

uksar av beste slag på jord,

sild og havtorsk i velduge stimar —

alt som kan frygde hjarta og munn

i denne herlege festens stund

byd Akershus-herren kvar vyrdeleg gjest

for no er det fyrsteleg jonsokfest,

som aldri skal sjå sin like

i noko land og rike!

Hansa-bier og kisseber-drank, gjer ein ærleg nordmann krank. Nei, vil du ha friske vitaminer som ikkje vite or skallen piner, so gled di sjel med vårt heime-brygg, då er du trygg!

Sjølve vår høgvyrde riksantikvar den gamle bakteria godkjent har; ho livde radt ifrå Odins dagar, og ingi betre idag dei lagar! Fredhelga vere då gjestebodsgarden! Niding skal vera ille faren, men godtfolk og vener sitja i fred etter gamall sed! FAKKELDANSEN

Var det draum og hildring var det febersyner,

eller treiske troll som vildra hugen min? Kongeklædde menn og møyar fagre steig i stolte kyndel-dans på isblå hålka i mitt tun den stjerneklåre vinternatti; raude logar imot himlen brann, so eg trudde soli just i austr rann!

Vintrens åndar kvarv som draug i morgon-gletta, Noregs tunvord hadde kasta lurvehetta! Og som vårens bekkir når dei kastar vinter-hamen og mot havet hastar, sigersongen brusa ifrå unge hjarto, i ein glederus imillom kyndlar bjarte. Sterke hendar heldt ihop og augo lyste som ei verd av vonir dei i barmen hyste.

Blomar bar dei i mitt fang, og tonebruset steig mot himlen som ei jubel-hymne;

35bruri som i berget bundi sat og venta, ut til dagens sæle liv dei hadde henta! Sveinen hadde løysings-ordet funne, myrke trolldomsmakti yvivunne!

Å sæle meg, det var 'kje draum og hildring,

ikkje febersjuke sansevildring;

livsens sterke song imot meg strøymde,

unge viljar som si dådskraft løynde

under romantikken blome-bunad.

Stjernur på min vinterhimmel tende,

vanmod um til vårvon vende! JONSOK VED MJØSA

Det er ved jonsok du skal sjå Mjøsa sylverblank og blå, når ho speglar himlen av og strør perlor yvi kav!

Det er ved jonsok du skal gå

vegen ved den blanke å,

som i mjuke ringår

ura i olderskogen stilt seg svingar

millom eng og åker-glitr

bekkjeklunk og fuglekvitr!

Det er ved jonsok du skal stå under gauketre og lye på songen frå dei ljose lundar med di sjel i draumen blundar, og du blåklokkblomens vengjer yvi fingren rengjer, og andar dine ynskje ut til ein solglad gud!Det er ved jonsok du skal sanke honning til din hug og tanke, på di solblå sælestrand i din barndoms draumeland, og i jonsokkransen binde glansen av ditt beste minne! MUNKEN

(LIGG EINSAM UNDER FIKETRE E)

I

Med den svarte nattskyi kjem vanmods-ulvane snikande, flengjer i mi sjel med kvasse tenner; gneg i hjarta mitt, drikk mitt varme blod.

I tanken min kryp tvilens ormar ikring; spotten driv som ispilar mot øyra mitt, sting seg som tusund torner i mitt kjøt. (Sukkar sårt.) Alt gjeng til kvile når det store Ijos sloknar på himlen; men Aruna vaker. Mi sjel er som eit stormpiska hav. Augo mine brenn; eg er såra til ulivs. (Styd seg til trestomnen.) Høgt deruppe syng fuglane; so stig soli snart bak fjelli.

Sjå, der flaug ein fugl ned i mitt tre. Gyngar glad på greini; kallar og fær svar. Aa, kvi når desse tonar hjarta mitt! Hev eg ikkje med tusund piner rive livsens songar ut av brystet mitt. Hev eg ikkje fasta og vaska meg som dei heilage einbuane! Vandra dei tornefulle vegane til Sakyas store Gautama! Lært vegane til asketen! Tanken min hev fylgt den store ringenes ring, den lange lekkja av verkande viljar!

Åh, tanken min er sår og trøytt! (let att augo; soli glid yvi fjellkammen; på kne med hendane mot soli).

39Himmelske ljos, miskunna deg yvi meg! Driv ormane ut av hjarta mitt; smelt tvilens pilar i brystet mitt!

Store ljos, upphave til alt levande, løys meg av livsens lekkje!

II

Kvar morgon er ei ny sorg; kvar kveld ei ny pine. I sju gonger sju dagar hev eg vandra og ikkje sett gleda. Det er ikkje sol yvi gyllte åkrar, ikkje jubel og song i skogane som dei lærde meg. Klør i blødande kjøt, rov-dyrtenner i hylande strupar, rov og skrik! Sorg og svolt! Gåvone mine kan ingen bruke, trøytte og rådville er dei alle!

Nye ord lærde eg og nye tankar. Frendar braut inn og hausta åkeren vår. Vaktmannen som var tenaren vår, er blit konge og kallar seg konge.

Ak, um dei kunde sjå inn i hjarta mitt — so sa den gamle bonden, sannheta var i munnen din, du bleike prest frå Sakyland!

40 S O L S O N G

(TIL BORNI I NORSKE KVINNERS SANITETSFORENING)

(Stevtone frå Telemark I

Når soli stig yvi berg og dalar då er det dyri i skogen talar og fuglen vaknar av lette blund, og syng av glede i same stund!

Og alting gyllest i stråle-glansen, fivreld flagrar i morgondansen; blad og blomar dei vert av gull, og heile verdi av rosor full.

Og alt som liver det lær og dansar, bind seg rodnande rosenkransar, tumlar kvar i sin leikarring spring som solglade born ikring!

Men inni skuggen bur småtroll svarte som blode syg utav mannahjarta, andar gift inn i kropp og sinn so blomen bleiknar på friske kinn.

41Ja, inni myrkre det vonde trivast der orm og øle um gullborn rivast der gror og myglar det i hjarte-rot då hente i soli deg helsebot!

Men soli kann deg frå trolli frelse, og gje deg lukke og liv og helse; for trolli rivnar og i jordi sig, når soli sæle på himlen stig!

Og som blomen i jonsok-engjer og fivreld bjarte på strålevengjer du vert når soli fær sleppe inn og kveikje rosor att på di kinn.

42 APRIL

Det er vaar i skogen, en ør og vild april; barflekk mellem fonner, graat og gyldne smil. Det hulker og det jubler indunder torv og sten; og rakler hænger tunge og gyldne paa hver gren. Den første fugl er kommet og lokker paa sin brud; for se, nu staar jo skogen snart i herlig høitids-skrud.

Elsa plukker blaaveis ved veien hvor jeg gaar,

mens solens straaler spiller i det gyldengule haar.

Hun smutter mellem stammerne, hun kaster sig paa knæ,

lyserød og yndig som en liten skogens fé.

Øiet blaatt som blomsten er, og kinden rød og varm;

fuld av iver strækker hun den lille, lubne arm.

Hun graver og hun rusker og river ivrig bort det fjoraarsgamle gule græs, mens øiet stirrer stort — og speider efter stjerner blaa imellem brune blad, smilende og hviskende, at nu blir mamma glad! Saa op igjen og videre paa foten rapp og lett, krystende i haanden en liten blaa bukett.

43Da ser hun mig og roper: „Det er blaa veis alt, se her!" og reiser sig og dasker litt muld av sine klær. „Men uf, de er saa korte, og saa bitte, bitte smaa, og likesom saa varme og saa vonde aa holde paa". Hun strækker saa imot mig den lille hete haand og spør mig om jeg ikke har „et lite hyssingbaand".

Og de forklemte blomsterbarn hun rækker raadløs frem, men saa med engang smiler hun: „Vil du ha dem med

dig hjem?

Du kan gjerne ta dem, de er saa pene saa; siden blir de større, og da kan mamma faa." Jeg takket og jeg tok dem, og Elsa sprang sin vei, men snudde sig om litt og lo: „Nu var jeg snil mot dig".

Saa fik hun se en sommerfugl og sprang avsted igjen, med begge hænder aapne og vilde fange den. Blaa den var som himmelen, og glad hun ropte: „Se! En blaaveis er blit levendes og sitter paa et træ!" Nu var hun ganske nær den og vilde gripe til og snakket mildt og moderlig og bad den være snil,

og sitte ganske stille og ikke vimse saa, for du er jo en blaaveis med store blader paa. Men netop i det samme hun vilde plukke den, vips saa var den borte, og Elsa sat igjen

44skuffet og fornærmet, mens taarene sprang frem, og søvnig og sørgmodig og tomhændt gik hun hjem. Hun vandret som i søvne, hun ravet som i rus: selv en liten jordens blomst i vaarens vilde brus.

Men næste morgen tidlig da skinnet solen inn og tændte tusen glæder paany i hendes sind. Og snart var sneen borte og skogens bund var blaa av underdeilig blaaveis med lange stilker paa. Og som en gylden sommerfugl, med sol i silkehaar lille Elsa flagrer hjem med favnen fuld av vaar.

45 NATT

Inni alle haugar er tyst;

blodkalde dvergar og drai-gar dormar bryst imot bryst; alt livande søv i sitt bu. Slokna er dagens draumar, ut i dei ævlege strauniar snart giid ogso du.